

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	- Utforska og reflektera over korleis tekstar framstiller livssituasjon, haldningar og moral - Lesa skjønnlitteratur på bokmål og nynorsk, og reflektera over formål, innhald, sjangertrekk og verkemiddel
Engelsk	- reading, writing and speaking about a fictional story - using the verbs to be, to have and to do - making questions - building vocabulary - punctuating sentences
Matematikk	- Løysa tekstoppgåver med dei fire rekneartane - Rekna med fleire rekneartar på ein gong - Løysa tekstoppgåver ved hjelp av fleire rekneartar - Kjenna til negative og positive tal
Samfunnsfag	- Forklara kva eit samfunn er, og samanlikne ulike samfunn - Reflektera over kva som gjer eit samfunn levedyktig - Drøfta korleis det norske samfunnet har endra seg over tid
KRLE	- Få kjennskap til forteljingar som jødedom, kristendom og islam har felles - Få kunnskap om urhistoria, fedrehistoria og kongetida
Naturfag	- Kunna forklara kva eit økosystem er, og korleis biotiske og abiotiske faktorar påverkar kvarandre - Forklara korleis planter og dyr får energi til å leva - Gjera greie for korleis energi blir overført i ei næringskjede - Forklara korleis stoff i naturen blir brukte opp att
Kunst og håndverk	Pop art Kunna visualisera form ved hjelp av frihandteikningar, arbeidsteikningar, modellar og digitale verktøy.
Spansk	- Læra bøyning av regelrette verb i presens - Læra bøyning og bruk av substantiv og artiklar - Utvida ordforråd - Rett uttale
Tysk	- Kunna bøya vanlege (svake)verb i presens - Kunna presentera seg sjølv, tal, fargar - Kunna noko om tysktalande land
Eng fordjuping	- Kunna snakka om egne interesser - Kunna snakke om rollemodeller - Kunna være eit godt publikum
Arbeidslivsfag	- Kunna laga og ferdigstilla eit treprodukt etter arbeidsteikning. - Gjennomføra arbeid i tresløyd ved å bruka eigna verktøy, materiale og HMS-rutinar.
Kroppsøving	- Eg kan bruke kart og kompass til å orientere meg i ukjent terreng. - Eg kan planleggje og gjennomføre ei orienteringsløype på ein trygg måte. - Eg kjenner til nokon kartteikn og kva målestokk betyr
Fysisk aktivitet	Øva på og gjennomføra varierte bevegelsesaktivitetar aleine og saman med andre

	Anerkjenna forskjellar mellom seg sjølv og andre i bevegelsesaktivitetar, inkludere alle, samarbeida og oppmuntra medelevar til å delta i fysisk aktivitet og vera ein god medspelar
Friluftsliv	Planlegga overnattingstur - sykla til aktuelt område for å planlegga
Design	Bruka eigna design- og handverksteknikkar og verktøy til å forma ut produkt i ulike materiale.
Kantine	- Vita kva vurderingskriteria for faget er - Planleggja dei praktiske øktene - Laga god og ernæringsriktig mat - Halda god hygiene - Jobba med rekneskap og plakatdesign - Gjennomføra sal Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøker
Olweus	Tema: klassemiljø

INFORMASJON TIL HEIMEN

Foreldremøte 09.09

Takk for eit fint foreldremøte! For dykk som ikkje hadde høve til å komme ligg det eit referat på heimesida. Foreldrekontaktane har mellom anna samla inn vakter både til natteramn og til vinterballet i januar.

Studentar

Dei neste tre vekene skal vi få besøk av lærarstudentar. Dei heiter Tomine, Emilie, Renas og Jan. Dei skal ha praksis hos oss og vil vere til stades og gjennomføra noko undervisning på trinnet.

Klassetrivselsundersøking

Dei neste vekene skal elevane få ei spørjeundersøking om korleis dei har det på skulen. Denne er veldig kort og enkel, men vil gi oss ei peikepinn på korleis dei har det. Det er viktig at dei svarer ærleg på dette.

Nasjonale prøvar

No har alle klassane gjennomført dei nasjonale prøvene. Dei som ikkje har fått gjennomført vil ta prøva i løpet av neste veke. Dette er viktig informasjon for oss, og vi ønskjer at så mange som mogleg skal gjennomføre.

Helsing oss på 8.trinn

HEIMEARBEID VEKE 38	
Norsk	Les i minimum 50 minutt i leseboka di. Skriv eit referat på ON, eller i skriveboka. Høyr med læraren din om kor referatet skal inn.
Engelsk	Idioms: Choose the correct alternative. Worksheet available on OneNote
Matematikk	Nivå 1: • øva på 8 gongen, øveark og rekkjeteljing 5 min kvar dag (8-16-24-32-40 osv) • Oppgåveboka s. 11 og 12 , oppgåve 1.114, 1.115 og 1.116 (ein prikk) Ta bilete av lekse di, last opp på OneNote på ditt namn under heimearbeid. Kall lekse for «Veke 38»
	Nivå 2: • Du skal gjer anten A eller B, du får ark av lærar A. Øva på 9 gongen, øveark og rekkjeteljing 5 min kvar dag (9-18-27-36- 45 osv.) B. Øva på 8,9 og 10 gongen, øveark • Oppgåveboka s.11 og 12, oppgåve 1.114, 1.115 og 1.116 (to prikkar) Ta bilete av lekse di, last opp på OneNote på ditt namn under heimearbeid. Kall lekse for «Veke 38»
	Nivå 3: • Oppgåveboka s.11 og 12, oppgåve 1.115, 1.116 1.117 og 1.118 (tre prikkar) Ta bilete av lekse di, last opp på OneNote på ditt namn under heimearbeid. Kall lekse for «Veke 38»
Naturfag	Gjer oppgåve 3 s. 26. Skriv forklaring og finn eit passende bilete til kvart av dei følgjande omgrepa: <i>abiotisk faktor</i>, <i>biotisk faktor</i> og <i>økosystem</i>. Skriv og lim inn bilete i omgrepstabellen din på OneNote.
KRLE	Les side 51-57 i "Store spørsmål" og svar på oppgåve 1-7 på side 57 i skriveboka di. Lag eit tokolonnennotat med omgrepa <i>papyrus</i>, <i>Dødehavsrullane</i>, <i>ur</i>, <i>urhistoria</i>, <i>pakt</i> og <i>Mosebøkene</i>.
Kunst og håndverk	Ta med bilete av deg sjølv til Pop Art-oppgåva.
Spansk	Lær deg godt ti glosar frå del 1. Legg inn på ON. Øv godt på rett uttale av desse orda.
Samfunnsfag	Les s. 25 – 29 i samfunnsboka di, Arena. Lag eit tankekart eller tabell og forklar omgrepa: lokalsamfunn, mangfaldig samfunn og hypermangfaldig. Skriv i OneNote Svar på spørsmåla og skriv i onenote: 1. Er klassen din eit godt fellesskap å vera i? 2. Er det rom for å vera forskjellig i klassen din? Kva kan du gjera for å sikra at det blir enda større aksept for å vera ulike?

Tysk	Jobb med grammatikken: Das bin ich – Aunivers (hugs å logge inn med feide). Ta skjermbilete og lever inn på ON – Hjemarbeid
Eng fordjuping	Be ready to present your presentation about 1-3 rolemodels. There is a picture of the task on ON.
Arbeidslivsfag	Tysdag: oppmøte i kantina. Torsdag: oppmøte i K&H rom
Kroppsøving	8A: Kroppsøving onsdag og fredag. OBS: Orientering. Vi er ute!
Fysisk aktivitet	Sjå teams
Programmering	Møt i klasserommet. Vi jobbar med Scratch
Friluftsliv	Møt i klasserommet. Me skal planlegga overnattingstur. Du treng iPad.
Kantine	Møt i klasserommet og ha med iPad Me skal jobba med rekneskap og budsjett

HEIMEARBEID VEKE 39	
Norsk	Les i minimum 50 minutt i leseboka di. Skriv eit referat på ON, eller i skriveboka. Høyr med læraren din om kor referatet skal inn.
Engelsk	Write a letter. Task on OneNote
Matematikk	Nivå 1: • øva på 9 gongen, øveark og rekkjeteljing 5 min kvar dag (7-14-21-28-35 osv) • Oppgåveboka s.14 og 15, oppgåve 1.121, 1.122 og 1.23 (ein prikk) Ta bilete av leksa di, last opp på OneNote på ditt namn under heimarbeid. Kall leksa for «Veke 39»
	Nivå 2: Du skal gjer anten a) eller b), du får ark av lærar a) Øva på 6,7 og 8 gongen, øveark b) Øva på 6,7,8,9 og 10 gongen, øveark • Oppgåveboka s.14 og 15, oppgåve 1.121, 1.122 og 1.123 (to prikkar) Ta bilete av leksa di, last opp på OneNote på ditt namn under heimarbeid. Kall leksa for «Veke 39»
	Nivå 3: • Oppgåveboka s.14 og 15, oppgåve 1.121, 1.122, 1.123 og 1.128 (tre prikkar) Ta bilete av leksa di, last opp på OneNote på ditt namn under heimarbeid. Kall leksa for «Veke 39»
Naturfag	Gjer oppgåve 6 s. 27. Skriv forklaring og finn eit passande bilete til kvart av dei følgjande omgrepa: <i>bios</i>, <i>fotosyntese</i>, <i>klorofyll</i> og <i>glukose</i>. Skriv og lim inn bilete i omgrepstabellen din på OneNote.
KRLE	Les side 58-63 i "Store spørsmål" og svar på oppgåve 1-7 på side 63 i skriveboka di.

	Lag eit tokolonnenotat over omgrepa <i>fedrehistoria</i> , <i>pesach</i> , og <i>dei ti boda</i>
Spansk	Jobb med bøying av substantiv og rett bruk av artiklar. Les godt på s. 36 i leseboka + gjer oppgåve 3 a og b s. 28 i arbeidsboka.
Samfunnsfag	Svar på spørsmåla under og grunngi svara dine. Forklar kvifor du meiner det du gjer, og bruk døme for å underbyggje svaret ditt? 1. Blir du nokon gong lei av foreldre, eldre sysken, vener og lærara heile tida fortel deg kva du skal gjere? 2. Kunne du tenkt deg at det ikkje fantes reglar, verken heime eller på skulen? Korleis trur du det hadde gått?
Tysk	Finn ti fakta om eit tysktalande land og skriv dei i skriveboka di.
Eng fordjuping	Do the grammar tasks on ON.
Arbeidslivsfag	Tysdag: oppmøte i kantina. Torsdag: oppmøte i K&H rom
Kroppsøving	8A: Kroppsøving onsdag og symjing fredag. OBS: Orientering. Vi er ute i kroppsøving.
Fysisk aktivitet	Sjå teams
Programmering	Møt i klasserommet. Vi jobbar med Scratch
Friluftsliv	Møt i klasserommet. Ha med sykkel og hjelm. Me skal sjå på overnattingsområdet. (Ein del av turplanlegginga) Sjekk www.yr.no og kle deg for å vera ute uansett vær. Overnattingsturen blir i veke 40.
Kantine	Møt på kjøkken. Hugs hårstrikk, forkle og innesko

